

Referat frå møte i skoleutvalet 18.03.26

Møtt: Mayla og Haakon (elevar), Mons, Robin og Hugo (samfunnskontaktar), Per Arne (ansatterrepr.), Kristin (foreldrerepr.) og Hilde (rektor og referent).

Agenda:

- Referat møte 24.02.26
- Søkjartal, klassar og tilbod
- Høyring Språkval Surnadal vgs
- Eventuelt
 - Tilbakemelding frå årsmøte Indre Nordmøre opplæringskontor

Referat møte 24.02.26

Referat tidlegare godkjend, men sett igjennom som grunnlag for dagens møte. Kommentrarar:

- Trafikksikkerheit på Øye-området: Hugo gjer avtale med elevrådsleiar Joel. Skal få til ein reportasje i lokalavisene for å nå breitt ut med budskapen.
- Planlegging av sosialveka i rute! Blir veka før påske. Daglege trivselstiltak i regi elevrådet. Aktivitetsdag for fredag 27. mars, Saniteten står for servering i lunsjen.

Søkjartal, klassar og tilbod

Hilde gjekk igjennom søkjartala for kommande skoleår.

- Gledelig med god søking til skolen totalt sett.
- Spesielt god søking til vg1 TIF og vg1 Studiespesialisering. Fylket vurderer kor vidt det er aktuelt med ekstra klassar til desse tilboda.
- Låg søking til 2AU med 3 søkjarar. Dette førte til at denne klassen ikkje vart starta.
- Påbygg til generell studiekompetanse vart starta trass lågt søkjartal, under føresetnad om samarbeid med Sunndal vgs. Det planleggast for fysisk oppmøte alle dagar på nærskolen. Dei fleste faga vil bli fysisk på nærskolen, nokre fag vil det bli samarbeidd digitalt om.

Skoleutvalet vil arbeide for eit godt og breitt tilbod ved skolen framover. For å få til dette treng skolen ressursar. Skoleutvalet ynskjer også å tenkje nytt og hente inn idear frå andre for å vidareutvikle tilbodet ved skolen.

Høyring Språkval Surnadal vgs

Skoleutvalet behandla saka om språkval. Bakgrunn: Det er foreslått ei forskriftsendring som kan opne for at vidaregåandeskolar kan vere språknøytrale i den skriftlege opplæringa og den skriftlege kommunikasjonen med elevar og føresette. Ei endring vil tre i kraft frå 1. august 2026.

Fylkeskommunedirektøren har med bakgrunn i dette sendt ut høyring på val av skriftleg hovudmål ved dei enkelte vidaregåande skolane i Møre og Romsdal. Tillitsvalde, elevråd og skoleutval skal involverast i høyringa, som har frist 27.03.26. Saka skal vidare behandlast politisk i Fylkestinget.

Det vart stemt over alternativa. 7 stemmar vart gjeve – 5 for bokmål og 2 for nynorsk. Skoleutvalet sender inn høyringsuttale med argument for at skolen sitt språk bør vera bokmål.

Argument for bokmål:

- Rindal og Heim kommune har bokmål som språk, dermed er desse elevane og heimane mest vande med denne språkformen.
- Bokmål er bruka av flest og fell slik naturleg for flest. Bokmål er enklare å forstå.
- Med tanke på rekruttering av både elevar og tilsette vil det vera ein fordel med bokmål.
- Eit tredje, minst like viktig språk er engelsk. Dette vil kome enda sterkare i framtida. Det vil dermed vere enklare å berre forhalde seg til bokmål i tillegg (meir bruka enn nynorsk).

Argument for nynorsk:

- Surnadal kommune har nynorsk som språk. Det er naturleg at skolen sitt språk speglar språket til den kommunen som skolen ligg i.
- Identiteten til skolen ligg nært opp mot nynorsk.
- Elevane frå Surnadal er mest vande med nynorsk som språkform.

Skoleutvalet er samd i at ein språknøytral skole kan by på praktiske utfordringar. Eks: Kva språk skal nyttast på heimesida? Dermed fell dette bort som eit reelt val. Skoleutvalet er delt i synet på saka når det kjem til kor vidt skolen skal velje bokmål eller nynorsk som språk.

Eventuelt: Tilbakemelding frå årsmøte i Indre Nordmøre opplæringskontor

Mons ga tilbakemelding frå årsmøtet:

- Det er ei bekymring i bransjen fordi det er for få lærlingar samanlikna med behovet.
- Ein ser at lærlingane som kjem treng ekstra støtte og rettleiing.
- Opplæringskontoret ved Marit Drøpping fekk mykje skryt for måten ho følger opp lærlingane, bedriftene og skolen på.
- Opplæringskontoret har solid økonomi. Årsmøtet støtta måten ressursane blir disponert på i dag; går til ekstra opplæring av lærlingane.

18.03.26

Hilde Andersen

Rektor og referent